

Norconsult AS
Korsegata 4 B
60002 ÅLESUND

Dykkar ref: 20210005
Vår ref: 2022/1641
Dato: 09.02.2022
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmiddel

Mattilsynet

INNSPEL TIL VARSEL OM OPPSTART AV REGULERINGSPLANARBEID - GNR 91 BNR 174 PÅ HELLESYLT

Viser til dykkar brev datert 18.02.2022, planID 20210005, saksnr 2022 med varsel om oppstart av reguleringsarbeid for gnr. 91 bnr. 174 med fleire på Hellesylt i Stranda kommune. Fristen for å komme med innspel er av avsendar sett til 18.02.2022.

Mattilsynet sitt ansvar og medverking

Mattilsynet er eit statleg, landsdekkjande forvaltingsorgan som ivaretok tilhøva rundt drikkevatn i plansamanhang.

Føremål med planen

Bakgrunnen for prosjektet er behov for etablering av fabrikk for produksjon av hydrogen som drivstoff for m.a. drift av ny ferje på strekninga Hellesylt – Geiranger. Bruk av hydrogen som drivstoff for ny ferje er sett i forhold til miljøkrav som er venta å bli stilt i høve forureining i fjordsystemet. Det er ei klar målsetting at produksjonen av hydrogen skal skje lokalt og medføre minst mogleg transportforureining og -kostnader.

Tiltakshavar ønsker å legge til rette for etablering av fabrikk for produksjon og lagring 1–2 tonn komprimert hydrogen pr. døgn. Så langt er anlegget tenkt som eit «container anlegg», dvs. bygd opp av modular som samla utgjer produksjonsfabrikken.

Vurdering

Vi har vurdert tiltaket i ut i frå omsynet til drikkevassforsyninga på Hellesylt. Det er viktig å få inkludert vatn og avløp i reguleringsplanlegginga og byggesakshandsaminga på en god og heilheitleg måte, og så tidleg som mogeleg i planprosessen.

Det er positivt at planområdet er planlagt tilkopla eksisterande offentleg vassforsyning og at det vert stilt krav til VA-plan. Det er viktig at forsyningskapasiteten blir kartlagt i samarbeid med Stranda kommune som er eigar av Hellesylt vassverk.

Innspel frå Mattilsynet region Midt avd. Sunnmøre

Når det gjeld VA–planen har vi ei forventning til at den viser ei løysning som er gjennomførbar og som sikrar tilstrekkelege mengde drikkevatn med tilfredsstillande kvalitet for heile sentrumsområdet på Hellesylt.

Det må gjerast ei vurdering av om vatn- og avløpssystem har tilstrekkeleg kapasitet.

Dimensjoneringsgrunnlag og planlagt belastning (pe) inklusivt sløkkevatn må vere kartlagt.

VA–planen må derfor synleggjere dagens kapasitet i tillegg til utregna behov for vatn innanfor planområdet ved full utbygging.

Eventuelle konflikter mellom planlagt arealbruk og eksisterande leidningsanlegg, både kommunalt og privat, må avklarast på eit så tidleg tidspunkt som mogeleg. Planen må vise korleis eventuelle konflikter kan løysast.

Med helsing

Marianne Løseth Høydalsvik

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*

Kopi til
Stranda kommune,

Uttalelse til oppstart av reguleringsplanarbeid

Du kan bruke dette skjemaet til å sende inn en uttalelse til arbeidet med reguleringsplanen. Alle uttalelser blir sendt til forslagsstiller/plankonsulent, og er med og danner grunnlag for planforslaget som senere skal behandles av kommunen.

Uttalelsen gjelder

Navn på reguleringsplan:	Detaljreguleringsplan for gnr. 91 bnr. 174 m. fl.
Planident:	2021005
Kommune:	Stranda

Forslagsstiller er

Navn:	Norwegian Hydrogen AS
Organisasjonsnummer:	924544511
Kontaktperson:	Jens Berger

Plankonsulent er

Navn:	NORCONSULT AS
Organisasjonsnummer:	962392687

Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid er mottatt av

Navn:	HELLESYLT UTLEIGEBYGG AS
Telefonnummer:	95195159
E-post:	poe@aurstad.no

Du kan skrive din uttalelse til reguleringsplanarbeidet i tekstboksen under. Du kan også laste opp et vedlegg ved å trykke på 'Oversikt - skjema og vedlegg' øverst til venstre.

Dette skjemaet kan kun sendes inn én gang. Påbegynt skjema lagres automatisk.

Vi gjør oppmerksom på at uttalelsene kan bli offentliggjort som en del av den kommunale saksbehandlingen.

Viser til mottatt planinitiativ for gnr. 91 bnr. 174 i Stranda kommune

Vi svarer som eier av gnr. 60 bnr. 24 som er nabo til tiltaksområdet.

I forhold til Planinitiativ pkt. i) Omsynssoner for sikkerhet, er vårt bygg og tomt innenfor både rød og gul sone.

Vi forventer at der blir gjort tiltak slik at det verken nå eller på sikt vil bli lagt begrensninger i forhold til benyttelse eller fremtidig utvikling av vår eiendom.

Mvh
Petter Espe

Signert av

PETTER OLAV ESPE på vegne av HELLESYLT UTLEIGEBYGG AS 07.01.2022

Dette dokumentet er signert elektronisk og arkivert i Altinn.

07.01.2022 13:38:54 AR467480509



NORCONSULT AS
Postboks 626
1303 SANDVIKA
Att.Kåre Gjengedal

Saksbehandlar, innvalstelefon
Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Stranda kommune

Detaljreguleringsplan for eigedom 91/174 m.fl - Hellesylt Fråsegn til varsel om oppstart av planarbeid

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og bygesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Norconsult AS varslar på vegne av Norwegian Hydrogen AS oppstart av detaljregulering for gnr. 91 bnr. 174 m.flere på Hellesylt i Stranda kommune. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for etablering av fabrikk for produksjon og lagring av hydrogen. Dette skal blant anna nyttast som drivstoff til ny ferje Hellesylt-Geiranger.

I gjeldande reguleringsplan er arealet avsett til *Forretning/industri*. Dette skal endrast til industri.



Figur 1: Avgrensa tiltaksområde. Plangrensa går utover dette.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Vi ser det skal gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet, jf. plan- og bygningslova § 4-3. Med tanke på samfunnstryggleik er det nokre moment i ROS-analysen som er viktige å avklare tidleg i planprosessen, og som vi derfor vil trekke fram i vår fråsegn til oppstart.

Både kommunen og Norconsult er kjent med at planområdet ligg innanfor oppskyllingssone for flodbølgje som følge av fjellskred. Vi ser til dømes i planinitiativet at det står: «*Det vil gjerast særskilte vurderingar knytt til TEK17 § 7-4*».

Vi gjer merksam på at vilkåra til TEK17 § 7-4 er vurdert og utgreidd i samband med områdereguleringa for Hellesylt sentrum. Ettersom utbygginga må vere avklart i ein overordna plan, kan ikkje ein detaljregulering nyttast til å vurdere vilkåra i TEK17 § 7-4. ROS-analysen må derfor vurdere om utbygginga er avklart i områdereguleringa for Hellesylt sentrum.

Kommunen kan ikkje tillate utbygginga dersom denne ikkje er avklart i overordna plan for Hellesylt sentrum, jf. TEK17 § 7-4 bokstav e).

Vi ser at ROS-analysen skal vurdere brann- og eksplosjonsfare frå hydrogenanlegget. Hydrogenanlegg kan i somme tilfelle vere av eit slikt omfang at det hamnar inn under storlukkeforskrifta. Storlukkeverksemder skal ikkje plasserast i område med naturfare, jf. TEK17 §§ 7-2 og 7-3 første ledd. ROS-analysen må derfor vurdere storleiken/omfanget av hydrogenanlegget opp mot grenseverdiane for storlukkeverksemder, og stadfeste at anlegget ikkje overskrid desse verdiane.

Ettersom den overordna planen er planlagt etter TEK17 § 7-4, kan det heller ikkje plasserast bygg og installasjonar som kan medføre akutt ureining i område med flodbølgjefare, jf. TEK17 § 7-3 første ledd. ROS-analysen må derfor avklare om hydrogenanlegget kan medføre akutt ureining.

Kommunen kan ikkje tillate utbygginga dersom anlegget omfattast av storlukkeforskrifta eller om anlegget kan medføre akutt ureining, jf. TEK17 §§ 7-2 og 7-3 første ledd.

Vi minner vidare på at alle tiltak som planleggast i område med naturfare må plasserast i ein tryggleiksklasse, jf. TEK17 § 7-2 og 7-3. Vi ser til dømes at ein allereie har vurdert trygg kote med tanke på fare for stormflod, utan at vi ser at anlegget er plassert i ein tryggleiksklasse. Val av tryggleiksklasse avgjer kva krav TEK17 stiller til tryggleik.

Statsforvaltaren varslar motsegn til planen dersom utbygginga ikkje er tilfredsstillande avklart i den overordna planen for Hellesylt, om anlegget omfattast av storlukkeforskrifta eller medfører fare for akutt ureining. Vidare må ROS-analysen tilfredsstille utgreiingskravet i pbl. § 4-3, og avdekka risiko og sårbarheit følgjast opp gjennom planleggingsverkemidalen.

Støy

Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging skal ligge til grunn for all arealplanlegging der støy er tema. I planinitiativet står det at det skal etablerast sikringsvoll grunna eventuell støy frå anlegget.

Reguleringsplanen må avklare støysituasjonen. Det må utførast ei støyfagleg utgreiing som synleggjer behov og tiltak mot støy for fasade og uteopphaldsareal for bygningar med støyfølsamt bruksføremål. Denne utgreiinga må ligge til grunn for utforming av plana, og skal innehalde ([henta frå rettleiar om behandling av støy i arealplanlegging frå Miljødirektoratet sine heimesider](#)) :

- *kart som viser støynivå på uteoppholdsarealer etter utbygging -med og uten avbøtende tiltak*
- *kart eller figur som viser støynivå i relevante høyder på fasader -med og uten avbøtende tiltak*
- *beskrivelse av avbøtende tiltak*
- *dokumentasjon på at grenseverdiene i tabell 2 og kvalitetskriterier for støyfølsom bebyggelse kan tilfredsstilles*

Natur- og miljøvern

Det varsla planområdet omfattar Korsbrekke naturreservat. Føremålet med fredinga av dette området er å ta vare på eit av dei få, delvis urørte elvedelta inne i fjordane på Sunnmøre inkludert dei botaniske og geologiske verneverdiane.

Vi merkar oss at Norconsult i planinitiativet ikkje kan sjå at tiltaket vil kunne ha direkte eller indirekte verknader på eksisterande naturmiljø. Vi føreset at dette blir grundigare utdjupa i planomtalen. ROS-analysen vil t.d. omfatte element som potensielt kan få verknad i reservatet. Vurderingane av moglege verknader må også omfatte anleggsfasen. Dersom tiltaket kan påverke naturverdiane i reservatet negativt vil dette vere grunnlag for motsegn til planen.

Konklusjon

Vi viser til merknadene over og ber om at dei vert tekne omsyn til i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef-plansamordning

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

NVE Region vest	Naustdalsvegen 1B	6800	FØRDE
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE	Postboks 2500	6404	MOLDE
STATENS VEGVESEN	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER



Norconsult AS

Dato: 18.02.2022
Vår ref: 22/00050-2
Deres ref:

Fråsegn til varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan for gbnr. 91/174 m.fl. i Stranda kommune

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON +47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 4. januar 2022.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekommstar blir bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting.

Om saka

Tiltakshavar ønskjer å legge til rette for ein arealbruk for gnr. 91 bnr. 174 i Hellesylt som gjev høve til etablering av fabrikk for produksjon og lagring av 1 til 2 tonn komprimert hydrogen per døgn. Eigedomane gnr. 91 bnr. 174 og gnr. 91 bnr. 198 inngår i dag i reguleringsplanen for Hellesylt sentrum med arealbruksføremålet «Forretning/industri, F/I». Arealbruken vil bli endra til «Industri» med endring av føresegne i den grad det er naudsynt for tiltaket. Det er krav om konsekvensutgreiing for planen.

Fråsegn utan merknad frå DMF

DMF kan ikkje sjå at den føreslegne planen kan få følgjer for registrerte førekommstar av mineralske ressursar, bergrettar eller masseuttak i drift. Vi kan heller ikkje sjå ut frå informasjonen som er lagt ved saka, at planen gjeld uttak av masse som vil bli omfatta av minerallova. Vi har derfor ingen merknader til varsel om oppstart av detaljregulering for gbnr. 91/174 på Hellesylt i Stranda kommune.

Dersom handsaming av plana viser at den kan få følgjer for nokon av våre fagområde, ber vi om å få saka når den blir lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.



For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nytig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleiar

Gabriella Fure Briceno
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Gabriella Fure Briceno*

Mottakarar:

Norconsult AS

Stranda kommune

Øyna 13

6201 STRANDA

Kopi til:



Møre og Romsdal
fylkeskommune

NORCONSULT AS
Postboks 626
1303 SANDVIKA

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
52104018	03.01.2022	716/2022/REGULERINGSPLAN/1525	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	18.02.2022

Stranda kommune - detaljregulering - reguleringsplan for gbnr 91/174 m. fl. på Hellesylt – fråsegn til oppstart

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld oppstart av «Detaljregulering for gbnr. 91/174 m. fl. på Hellesylt for å leggje til rette for etablering av fabrikk for produksjon og lagring av komprimert hydrogen. Området er i dag lagt under reguleringsplan for Hellesylt sentrum med arealbruksføremålet «Forretning/industri, F/I». Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgande merknader:

INNSPEL TIL PLANARBEIDET

Tettstadutvikling

I tillegg til tilhøve som gjeld eksplosjonsfarlege stoff innanfor DSB sitt mynde vil vi og rá til at kommunen set krav om at konsekvensutgreiingane må gjere greie for korleis anlegget vil prege tettstaden og kva for tiltak ein vil gjere for at staden sine kvalitetar ikkje vert forringa. Vi tenkjer her særskilt på elvedeltaet og fjorden som er ein sær viktig kvalitet ved Hellesylt. Det vil og vere naudsynt å greie ut fjern- og nærverknad samt tilhøvet til omgjevnadene og naboar. Sjå vidare merknad under kulturminne frå nyare tid.

Samferdsel

Fylkesveg 5920 har på strekninga ein gjennomsnittleg årsdøgntrafikk på 180 køyretøy og fartsgrense 50 km/t. Fylkesvegen er i rammeplan for avkjørsler og differensierte

byggegrenser gitt haldningsklasse «lite streng» og ei byggegrense på 20 meter målt frå senterlinje fylkesveg.

Det varsla planområdet legg opp til tilkomst frå den kommunale vegen som ligg vest for eigedommen gbnr. 91/174. Vi ber om at det i den vidare planprosessen blir vurdert om kryss frå fv. 5920 til den kommunale vegen er dimensjonert, drifta og vedlikehalde slik at det vil tole den auka trafikken reguleringsplanen vil kunne medføre. Kryss må vere utforma i samsvar med krav gitt i Statens vegvesen si handbok N100, mellom anna kravet til stoppsikt i kryss. Eventuelle behov for utbetring må bli stilt som rekkefølgjekrav. Ein må også vurdere om det er aktuelt å realisere utbetring av fylkesvegen som regulert i reguleringsplan for Hellesylt sentrum.

Fylkesvegen sitt eigedomsområde, sikkerheitssone og ervervsareal må regulerast til formålet «annan veggrunn». Ervervsarealet er sikkerheitssona + 2 meter målt frå vegkant. Sikkerheitssone blir bestemt ut ifrå krava i handbok N101.

Da reguleringsplanen legg opp til ekspljosjonsfarleg produksjonsanlegg, må ekspljosjonssone grundig utgreiaast for å kunne få eit betre innblikk i kva for konsekvensar ein eventuell eksplosjon kan få. Ved grundig utgreiing kan vi som veigar gjere oss opp ei meining om anlegget sin risiko og konsekvens for fv. 5920, kva for avbøtande tiltak tiltakshavar må iverksette for at vi som veigar kan leve med ein restrisiko m.m. Nærare utreiing knytt til ekspljosjonssone m.m. kan gjerne sendast til Møre og Romsdal fylkeskommune som veigar for avklaring i forkant av offentleg ettersyn.

Planforslaget må knyte rekkefølgjekrav til alle tiltak som påverkar og sikrar dei trafikale løysingane. Vi gjer merksam på at manglande vurderingar og/eller krav til naudsynte tiltak kan medføre motsegn til planforslaget.

Kulturminne frå nyare tid

I høve ei tradisjonell oppfatning av kriteria for kulturminne finst det ingen enkelt-kulturminne innanfor det varsla planområdet. Likevel vekker denne reguleringssaka stor interesse hjå kulturavdelinga som har regionalt mynde når det gjeld vern av kulturminner og kulturmiljø.

Tettstaden Hellesylt

Hellesylt tettstad er registrert i regional delplan for kulturminne og kulturmiljøet har såleis regional verneverdi. Utgangspunktet for vernet er den gamle handelsstaden som etter utfylling av fjøregrunn har hamna i bakkant av dagens tettstadsentrum. Hellesylt tettstad er i utstrekning i dag mykje større enn den gamle handelsstaden med fleire eldre SEFRAK-registrerte enkeltbygg liggande langs gamle vegfar.

Kulturavdelinga vil ved oppstart av regulering i sentrumsstrukturen peike på at heilsaken i Hellesylt tettstad i dag er samansett av ei rekke kvalitetar. Hellesylt er ein attraktiv og vakker stad å kome til, og alle kvalitetane staden har kan i eit større heile også tilleggas kulturminneverdi. Kvalitetanane som definerer opplevinga av tettstaden er i hovudsak desse:

- **Naturelementa** som også kan defineraast som primærelement fordi dei har strukturert arkitekturen på staden ilag med vegfar og annan infrastruktur. Desse elementa representerer også møtet mellom naturlandskap og kulturlandskap. Dei definerer også ulike utsyn som staden har.

- **Tettstadstrukturen** som er definert av møtet mellom bygningars, infrastruktur og narturrom. Desse einingane definerer ein tettbygd struktur med ulike slag byromskvalitetar i form av både opne og meir lukka byrom. I denne strukturen ligg både den gamle handelsstaden og den utvida tettstaden med campinglass og industriområder.

Tettstad- og kulturmiljøkvalitetar på Hellesylt som kan styrkast i nye reguleringsarbeid

Alle reguleringsarbeid i sentrumstrukturen av tettstaden Hellesylt bør ha som ambisjon å peike på, utvikle og styrke kvalitetane i og opplevinga av den fantastisk flotte staden som Hellesylt er. Det gjeld også dette reguleringsarbeidet sør for Kræmargjølet, mellom gamlevegen (som før gikk langs fjøregrunnen), og den freda elveosen til Bygdeelva. Det nye tiltaket ser ut til å kunne utfordre både utsyn frå gamlevegen og frå nyvegen (Hellesyltvegen/Bygda) i strekket mellom bru over Kræmargjølet og elveosen fram til Stadion. Dette vegstykket ligg aust for Kræmargjølet og fylgjer her sjøfronten av tettstadstrukturen.



Utsyn til fjorden i retning av det som er varsle som planområde.

Kulturavdelinga gjer merksam på at denne austlege delen av tettstaden er siste del i ei lekkje kulturmiljøattraksjonar som tettstaden byr på i ein tilnærma diagonal streng frå det freda badeanlegget nordvest i tettstaden, til elveosen i søraust. Denne lekkja av kulturminne har eit endeleg målpunkt i husmannsplassen Kurla som er sett i stand med statlege tilskotsmidlar. Kurla har sidan vorte ein viktig stad for undervisning i skulen. Denne strengen av kulturmiljøattraksjonar med både regional og nasjonal verdi startar i nordvest ved det freda badeanlegget, tangerer deretter Hellesylt Grand hotell før den passerer fossen i bru over elva og landingsvoren til den Trondhjemske postveg. Der møter den Gamlegata/Per Gyntgata og den gamle tettstadstrukturen som handelsstaden i si tid forma. Vandringa langs den småskala tettstadstrukturen i Per Gyntgata munnar ut i søraust, i eit område som i det varsle planarbeidet er merka av som planområde for hydrogenproduksjonsanlegget.



1976: Møte mellom strandline og elvedelta 2018: Utsnittssame område viser at utfyllingane nærmar seg elveløpet

I Hellesylt tettstad er munningen av denne gata å oppfatte som eit historisk referansepunkt fordi det var her landskapet grensa til det større elvedeltaet som var forma av elveosen før utfyllinga av nytt fastland vart lagt over deltaet. Vi meiner at denne omarbeidinga av landskapet mot elveosen må ha eit særskild fokus i det varsle planarbeidet. Viktige naturkvalitetar må her ivaretakast med stor varesemd. Det bør vere mogleg å forme ein overgang mellom elveos og fastland som opprettheld og kanskje også kan tilføre Hellesylt nye tettstadkvalitetar i utsynet til fjorden her i frå. Sambandet herifrå og fram til Kurla kan det godt også minnast om på ein slik stad.

Oppsummert - konkrete råd i samband med oppstart:

- Ved oppstart av planen vil kulturavdelinga oppmøde om at konsekvensane av det nye tiltaket (hydrogenproduksjon og lagring) vert granska nøyne når det gjeld møtet med fjordopninga.
- Det må greiast ut kva konsekvensar sikringa av eit slikt anlegg vil få for møtet med den delen av tettstadstrukturen som ligg nordvest for industrielen av sentrum. Her må det også greiast ut kva som kan gjerast for å avgrense negative konsekvensar av eventuelle sikringssoner.

Hellesylt ligg ved porten til verdsarvområdet og fjernverknaden av staden har såleis ringverknader for totalopplevinga av verdsarvområdet. Når det gjeld det nære møtet mellom det varsle planområdet og fjorden er det særleg viktig å greie ut konsekvensane tiltaket vil ha i møte med den freda elveosen. Plangrensa bør her ha god margin til det freda elvefaret/osen for å sikre at det tydelege sporet etter denne i fjøregrunnen vert verna. Det vakre utsynet til Synnulvsfjorden frå vegen mellom campingplassen og stadion aust i tettstaden truleg også bli påverka av tiltaket. Dette bør også konsekvensutgreiast.

KONKLUSJON

Vi ber om at merknadene ovanfor blir tatt omsyn til i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Ingeborg Forseth
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Fagsaksbehandlar

Tettstadutvikling: rådgivar Grete Kongshaug, tlf. 71 28 01 67

Samferdsel: rådgivar Lissa Enstad, tlf. 71 28 05 40

Kulturminne frå nyare tid: arkitekt Svein Ole Storøy, tlf. 71 28 05 53

Kopi:

Stranda kommune

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Statens vegvesen

Kystverket

NVE

NORCONSULT AS
Postboks 626
1303 SANDVIKA

Vår dato: 18.02.2022

Vår ref.: 202200642-3

Dykker ref.:

Sakshandsamar: Ole-Jakob Sande
22 95 95 45/ojs@nve.no

NVE sitt innspel til varsel om oppstart av detaljregulering for Gnr. 91 bnr. 174 m. fl. på Hellesylt i Stranda kommune

Vi viser til brev datert 04.01.2022. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med detaljregulering for Gnr. 91 bnr. 174 mfl. på Hellesylt i Stranda kommune. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for etablering av fabrikk for produksjon og lagring av komprimert hydrogen.

Om NVE

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader fra overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (tbl).

Konkrete innspel

Tilhøye til overordna plan

Det meste av skissert planområde ligg innanfor områderegulering for Hellesylt sentrum. Områderegulering for Hellesylt sentrum vart utarbeida etter unntaksregelen i byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-4, som gjeld for område med fare for flodbølgje som sekundær verknad av fjellskred. Arealbruken er fastsett i områdereguleringa, og ny detaljregulering kan ikkje nyttast for å vurdere arealbruken på nytt, jf. TEK17 § 7-4 første ledd bokstav e.

NVE rår til at de tidleg i planarbeidet tek stilling til om planlagd utbygging er avklara i områderegulering for Hellesylt sentrum. Vi gjer merksam på at skissert planområde strekker seg utover planområdet for områdereguleringa, utan at det kjem klart fram av varselbrevet korleis dette arealet skal nyttast. Kommunen kan ikkje tillate utbygging som ikkje er avklara i overordna plan.



Vi gjer også merksam på at kartgrunnlaget som er nyttå for varselbrevet synest å ha feil i egedomsbasen i høve til grunnlaget som er tilgjengeleg på kartverket sine basar. Det bør rettast opp slik at det vert referert til korrekt informasjon.

Generelt om planlegging av tiltak i område med naturfare

For planarbeidet er tryggleik mot skred ei sentral problemstilling. Planområdet ligg i fareområde for skred i bratt terreng som er vurdert i ulike kartleggingar. Skissert planområde ligg i område med kartlagt fare for flodbølgje som sekundær verknad av fjellskred frå fjellpartiet Åkneset.

Begge dei aktuelle faretypane skal vurderast etter regelverket for skredfare. Når planlagde tiltak ligg i område med fare for skred, skal aktuell tryggleiksklasse for dei ulike tiltaka som planen legg til rette for fastsettast, jf. byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3.

NVE rår til at det tidleg i planarbeidet vert avklara kva som er relevant tryggleiksklasse for dei ulike tiltaka i planområda i høve til føringane som er gitt i [rettleiinga til TEK17 § 7-3](#). I det arbeidet må det også avklarast om tiltak i planen kan bli omfatta av *Forskrift om tiltak for å forebygge og begrense konsekvensene av storulykker i virksomheter der farlige kjemikalier forekommer* (storulykkeforskrifta). Dersom tiltak kjem under storulukkesforskrifta må den plasserast utanfor skredutsatt område, jf. TEK17 § 7-3 første ledd m/rettleiing, og det er heller ikkje ei løysing å sikre byggverket mot skred.

Dersom det kan vere aktuelt at tiltak vert definert som storulukkesverksemdu omfatta av storulukkesforskrifta, meiner vi det er grunn til å stille spørsmål ved om området er eigna til planlagt utbygging med bakgrunn i kartlagde fareområde.

Det er eit viktig prinsipp at avklaring av reell naturfare skal skje på siste plannivå. Dette kjem klarast fram i Kommunal- og distriktsdepartementet (tidlegare Kommunal- og Moderniseringsdepartementet) sitt rundskriv [H-5/18 «Samfunnsikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling»](#). På side 12 står det: «*Ved siste plannivå er det ikke mulig å skyve nærmere avklaring av reell fare til byggesaken ved å sette vilkår for å innvilge byggesøknad. Kravet til ROS-analyse i lovens § 4-3 vil da ikke være oppfylt.*»

Skredfare i bratt terreng

Det er utarbeida fleire rapportar om skredfare i bratt terreng for området som planområdet er ein del av. I farekarta på [NVE Atlas](#) er rapport frå NGI datert 10.10.2011 lagt til grunn. I plankartet til områderegulering for Hellesylt sentrum (gjeldande plan) er rapport frå Åknes Tafjord Beredskap IKS datert 29.11.2011 lagt til grunn for omsynssone skredfare.

I planarbeidet må de ta stilling til om tidlegare vurderingar framleis gjeld for planområdet, og kva rapport som skal leggast til grunn for skredfare i planområdet. Fareområda må



innarbeidast i plankartet som omsynssone skredfare H310 med tilhøyrande føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik før utbygging kan finne stad.

Dersom det er trøng for sikringstiltak eller restriksjonar på arealbruk for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik rår vi til at det aktuelle området vert teke inn i planen. I samband med områderegulering for Hellesylt var sikring mot skred frå Kremmargjølet eit tema, og skisserte sikringstiltak vart tatt ut av planen i sluttfasen. NVE rår til at det vert avklare korleis planområdet skal oppnå tilstrekkeleg tryggleik mot skred i bratt terreng, samt konsekvensane av eventuelle sikringstiltak for tilgrensande areal, jf. TEK17 § 7-1 andre ledd.

Fare for flodbølgje som sekundær verknad av fjellskred

Planområdet er utsett for fare for oppskylling av flodbølgje som konsekvens av fjellskred i Åkneset, jf. [NGI rapport 20151018-00-1-r sist revidert 21.02.2011](#). Areal som ikkje har tilstrekkeleg tryggleik mot slike skredgenererte flodbølgjer må syne i plankartet med omsynssoner. Til omsynssoa må det knytast føresegner som anten set forbod mot utbygging eller set krav om risikoreduserande tiltak før eventuell utbygging kan finne stad.

Grunnforhold

Planområdet ligg under marin grense. I følgje NGU sitt lausmassekart er lausmassane i planområdet elveavsetningar eller skredmateriale. Under desse avsetningane kan det vere marine avsetningar. I område med marine avsetningar kan ein ikkje utelukke førekomstar av kvikkleire. Fare for områdeskred av kvikkleire må difor vere eit tema i ROS-analysen. NVE rår til at prosedyren i NVE rettleiar [1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#) vert nytta så langt som naudsynt for å avklare skredfaren.

NVE rettleiar [1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#) har på side 18 eit eige kapittel om aktsemd i strandsona. Skred i sjø kan utløysast i alle typar lausmassar. Det kan vere svært vanskeleg å sjå konsekvensane av ei lokal overbelastning i sjø. Det må difor alltid gjerast grunnundersøkingar og geoteknisk detaljprosjektering for å vurdere skredfare og stabilitet for tiltak i strandsona. NVE rår dykk til å innarbeide krav om dette i føresegnene

Vassdragsmiljø

Delar av skissert planområde strekker seg ut i Bygdaelva sitt utløp i Sunnylvsfjorden og Korsbrekke naturreservat. Det kjem ikkje klart fram av varselbrevet om det er planlagt tiltak i denne delen av planområdet.

I følgje vassressurslova (vrl) § 11 skal det langs breidda av vassdrag med årssikker vassføring oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for planter og dyr. Breidda på vegetasjonsbeltet kan fastsettast i



reguleringsplanen. Arealbrukskategorien «Bruk og vern av sjø og vassdrag», jf. pbl § 12-5 nr 6, bør nyttast til å merke vasstreng med t.d. underkategorien «Natur og friluftsliv».

Dersom planen legg til rette for inngrep i eller langs vassdraget må det gjerast greie for kva konsekvensar tiltaket har for allmenne interesser i vassdraget. Som døme på allmenne interesser kan nemnast fiskens frie gang, allmenn ferdsel, naturvern, biologisk mangfald, vitskapleg interesse, kultur og landskapsomsyn, jordvern, omsyn til flaum og skred osb. Det bør også gjerast greie for eventuelle avbøtande tiltak for å redusere konsekvensar for allmenne interesser.

NVE kan fastsette at tiltak som er tillate i reguleringsplan ikkje treng særskilt løyve etter vrl, jf. § 20 om samordning av løyve. Ei koordinert handsaming føreset at planen gjev ei god skildring av tiltaka og at konsekvensane for allmenne interesser er vurdert.

Vassuttak

Det er lite informasjon om planlagt produksjon av hydrogen i varselbrevet. NVE gjer merksam på at eventuelt uttak av ferskvatn krev konsesjon etter vassressurslova. På generelt grunnlag rår vi til at anlegg som krev ferskvatn i produksjonen vert lagt til område med god tilgang på slike ressursar. NVE legg vekt på å samordne vurderinga etter vassressurslova med planhandsaminga, jf. vassressurslova § 20 slik at ein unngår ei eiga konsesjonshandsaming. For å få til slik samordning må planframlegget gi god informasjon om vurderingar etter vassressurslova.

Energianlegg

Ny industrietablering krev kraftforsyning. Det er difor viktig at kommunen/industriaktøren tek kontakt med det lokale nettselskapet for å avklare kraftforsyninga i området. For å bli knytt til nettet, kan kraftkrevjande industri utløyse større eller mindre tiltak i nettet som kan vere konsesjonspliktig. Det er NVE som handsamar søknader om konsesjon for tilknyting av ny industri og andre tiltak i straumnettet etter energilova. Slike energianlegg er unrateke handsaming etter pbl.

Både tilknyting av eit industriområde til straumnettet, og eventuelle andre utbetringar av straumnettet som følgje av tilknytinga, er konsesjonspliktig og vert handsama av NVE. Det er viktig at kommunen/industriaktørane er klar over at tiltak i overliggende nett som er naudsynt for å tilknytte industrien, kan få verknad for andre kommunar og fylker enn der industriområdet vert etablert. Ein må rekne med at nettselskapet sine utgreiingar av kraftforsyning og påfølgjande konsesjonshandsaming i NVE er tidkrevjande prosessar der mange interesser skal takast i vare.

Kraftleidningar med tilhøyrande transformatorstasjon som er ein del regionalnettanlegg og har konsesjon etter energilova, er unrateke handsaming etter pbl. Slike større høgspenningsliner og transformatorstasjonar skal regulerast med omsynssone H740 *Bandlegging etter anna lovverk*, jf. pbl § 11-8 d. Mindre kraftleidningsanlegg innanfor



områdekonsesjonane fell innanfor verkeområdet til pbl og kan settast av i plankartet som teknisk infrastruktur etter pbl § 11-7 nr. 2.

Generelle råd

For å få eit fullstendig oversyn over korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen rår vi dykk til å nytte våre [internetsider for arealplanlegging](#). Der er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå. Vi vil særleg vise til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#). Rettleiaren leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

NVE si oppfølging av planarbeidet

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE.

NVE prioriterer å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
senioringeniør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Mottakarliste:

NORCONSULT AS

Kopimottakarliste:

Møre og Romsdal fylkeskommune
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Stranda kommune



Uttalelse til oppstart av reguleringsplanarbeid

Du kan bruke dette skjemaet til å sende inn en uttalelse til arbeidet med reguleringsplanen. Alle uttalelser blir sendt til forslagsstiller/plankonsulent, og er med og danner grunnlag for planforslaget som senere skal behandles av kommunen.

Uttalelsen gjelder

Navn på reguleringsplan:	Detaljreguleringsplan for gnr. 91 bnr. 174 m. fl.
Planident:	2021005
Kommune:	Stranda

Forslagsstiller er

Navn:	Norwegian Hydrogen AS
Organisasjonsnummer:	924544511
Kontaktperson:	Jens Berger

Plankonsulent er

Navn:	NORCONSULT AS
Organisasjonsnummer:	962392687
Kontaktperson:	Rita Berstad Maraak

Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid er mottatt av

Navn:	STRANDA HAMNEVESEN KF
Telefonnummer:	46411113
E-post:	rima@stranda.kommune.no

Du kan skrive din uttalelse til reguleringsplanarbeidet i tekstboksen under. Du kan også laste opp et vedlegg ved å trykke på 'Oversikt - skjema og vedlegg' øverst til venstre.

Dette skjemaet kan kun sendes inn én gang. Påbegynt skjema lagres automatisk.

Vi gjør oppmerksom på at uttalelsene kan bli offentliggjort som en del av den kommunale saksbehandlingen.

Stranda hamnevesen er positiv til tiltaket men ser at hoveddokumentet omhandler kun produksjon og lagring. Det er helt nødvendig med ei konsekvensutgreiing som skal innaholde detaljert beskrivelse av ulike risikoelement og forslag til avbøtande tiltak. Beskrivelse av sikkerhetssoner er viktig og Stranda hamnevesen er særlig oppteken av vårt ansvarsområde

som er Hellesylt cruise kai og Hellesylt kai . Vi tek årlig i mot ca. 100 cruiseskip i tillegg til anna trafikk på sjø. Det passerer årleg ca. 150 000 passasjerer over cruisekaia. Risikoanalyse og konsekvensutgreiing må vurdere omkringliggende aktivitetar, antal personar i nærområdet, trafikk, mulige kjelder for antenning ved lekkasje, vindretningar og flammehastighet ved eksplosjon. Dette må gjelde for sjølve produksjons- og lageranlegg, samt ved omlasting og langs transportvegen til og frå kaia og bunkring. Stranda hamnevesen har sjølve eit stor behov for straumforsyning i framtida. Spørsmålet vårt er kva straum som skal disponerast till produksjon og kvar straumen vert henta i frå ? Er dette eit pilotprosjekt eller eit permanent anlegg med ei produksjonsmulighet i takt med forbruk? Ein har etter det vi forstår, lite erfaring med hydrogen og det er difor svært viktig å vere grundig på risikoaspektet og velje dei sikraste løysningane.

18.02.2022 17:22:44 AR476087024

Signert av

RITA BERSTAD MARAAK på vegne av STRANDA HAMNEVESEN KF 18.02.2022

Dette dokumentet er signert elektronisk og arkivert i Altinn.

Uttalelser etter varsel oppstart av reguleringsplanarbeid

Plannavn: Detaljreguleringsplan for gnr. 91 bnr. 174 m. fl.

Arealplanid: 2021005

Frist for innspill: 18.02.2022

Altinnreferanse: AR466315586



Svar fra mottatte parter:

Navn:

STRANDA HAMNEVESEN KF

Telefon:

46411113

Epost:

rima@stranda.kommune.no

Uttalelse

Stranda hamnevesen er positiv til tiltaket men ser at hoveddokumentet omhandler kun produksjon og lagring. Det er heilt nødvendig med ei konsekvensutgreiing som skal innaholde detaljert beskrivelse av ulike risikoelement og forslag til avbøtande tiltak. Beskrivelse av sikkerhetssoner er viktig og Stranda hamnevesen er særlig oppteken av vårt ansvarsområde som er Hellesylt cruise kai og Hellesylt kai . Vi tek årlig i mot ca. 100 cruiseskip til tillegg til anna trafikk på sjø. Det passerer årleg ca. 150 000 passasjerer over cruisekaia. Risikoanalyse og konsekvensutgreiing må vurdere omkringliggende aktivitetar, antal personar i nærområdet, trafikk, mulige kjelder for antenning ved lekkasje, vindretningar og flammehastighet ved eksplosjon. Dette må gjelde for sjølege produksjons- og lageranlegg, samt ved omlasting og langs transportvegen til og frå kaia og bunkring. Stranda hamnevesen har sjølege eit stor behov for straumforsyning i framtida. Spørsmålet vårt er kva straum som skal disponerast till produksjon og kvar straumen vert henta i frå ? Er dette eit pilotprosjekt eller eit permanent anlegg med ei produksjonsmulighet i takt med forbruk? Ein har etter det vi forstår, lite erfaring med hydrogen og det er difor svært viktig å vere grundig på risikoaspektet og velje dei sikraste løysningane.



Statens vegvesen

NORCONSULT AS
Postboks 626

1303 SANDVIKA

Kare Gjengedal

Behandlende enhet: Transport og samfunn Saksbehandler/telefon: Vidar Neraas / 71274773 Vår referanse: 22/2339-3 Deres referanse: Vår dato: 11.01.2022

Uttale til varsel om oppstart av planarbeid – Detaljreguleringsplan for gnr. 91 bnr. 174 m. fl. (2021005)

Vi viser til oversendelse 04.01.2022.

Saken gjelder

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for industri for produksjonsanlegg for produksjon og lagring av hydrogen, som skal benyttes til blant annet miljøferje på ferjesambandet Hellesylt–Geiranger.

Statens vegvesens rolle i planleggingen

Statens vegvesen har ansvar for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vognnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen. Statens vegvesens samfunnsoppdrag er «å utvikle og tilrettelegge for et effektivt, tilgjengelig, sikkert, og miljøvennlig transportsystem».

Vi uttaler oss som forvalter av riksveg på vegne av staten, og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet betyr at Statens vegvesen har et overordnet ansvar for at trafikksikkerhet, klima og miljøhensyn og helhetlig bypolitikk ivaretas i alle planforslag som berører samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlige, fylkeskommunale og kommunale veger, gater og løsninger for gående og syklende.

Våre innspill til planarbeidet

Produksjon av hydrogen for lokalbruk bygger opp under mål i de statlige planretningslinjene for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging. Vi ser det som viktig at de nødvendige

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firma\$post@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset. Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadso

vurderingene knyttet til lokalisering og transportbehov går frem i plandokumentene ved offentlig ettersyn.

Vi vil ellers påpeke at tiltak som berører det offentlige vegsystemet må planlegges etter håndbok N100.

Transportforvaltning midt

Med hilsen

Linda Heimen

seksjonssjef

Vidar Neraas

senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE

STRANDA KOMMUNE, Øyna 13, 6200 STRANDA



KYSTVERKET

NORCONSULT AS
Postboks 626
1303 SANDVIKA

Vår ref
2022/35-2

Arkiv nr

Sakshandsamar
Børre Tennfjord

Dato
12.01.2022

Uttale til varsel om oppstart av planarbeid - Norwegian Hydrogen AS – Gnr. 91, Bnr. 174 mfl. - Hellesylt - Stranda kommune - Møre og Romsdal fylke.

Kystverket syner til varsel om oppstart av 04.10.2021, frå Norconsult AS.

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for ein arealbruk på gnr. 91, bnr. 174 i Hellesylt som gjev høve til etablering av fabrikk for produksjon og lagring av hydrogen. Så langt er anlegget tenkt som eit «container anlegg», dvs. eit produksjonsanlegg bygd opp av modular. Gnr. 91, bnr. 198 kan bli knytt til tiltaksområdet gjennom tilkomst og avkørsle til offentleg veg. Eventuell sikringsvoll rundt anlegget vil inngå.

Grunnlaget for Kystverket sitt engasjement i planarbeid


Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvalting, tryggleik og beredskap mot akutt forureining. Kystverket høyrer til under Nærings- og fiskeridepartementet.

Kystverket tek ansvar for sjøvegen og produserer viktige fellesgoder for samfunnet. Det overordna målet for den nasjonale transportpolitikken er eit transportsystem som er sikkert, fremjar verdiskaping og bidreg til omstilling til lågutsleppsamfunnet. Kystverket har fått oppdrag om å bidra til å utvikle eit heilskapleg transportsystem.

Eit velfungerande sjøtransportssystem samansett av farleier, hamner og hamneterminalar er særskilt viktig for næringsutvikling langs med kysten, for at norske bedrifter kan gjere avtalar i større handels- og produksjonsnettverk og for at personar skal kome seg mellom heim og arbeidsstad.

Kystverket har rettleiing og informasjon om vår rolle i arealplanlegginga på våre [nettsider](#)¹. Her finn ein og styrande dokument som ligg til grunn for vår medverknad i planlegginga etter plan- og bygningsloven.

¹ <https://www.kystverket.no/sjovegen/arealplanlegging/>



Oppsummering

Planarbeidet i Stranda kommune har ikke påreknelege konsekvenser for sjøtransporten sine rammevilkår og Kystverket finn difor ikke grunnlag for å medverke i den komande planlegginga, jf. plan- og bygningslova sin § 3-2, tredje ledd.

Med helsing

Jan Morten Hansen
avdelingsleder

Børre Tønnfjord
sjefingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakarar:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	Postboks 2520	6404	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 2500	6404	MOLDE
Norges vassdrags- og energidirektorat Reg. Vest	Postboks 5091, Majorstuen	0301	OSLO
Fiskeridirektoratet Region Midt	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Statens Vegvesen Transport Midt	Postboks 8142 Dep.	0033	OSLO

Vedlegg: